

Miljøpartiet De Grønne Ørsta/Volda
v/Eirik Gyllensten
Røystunvegen 13B
6103 Volda



**miljøpartiet
de grønne**

Til

NVE-konsesjonsavdelinga

Uttale frå MDG (Miljøpartiet Dei Grønne) Ørsta/Volda om småkraftutbygging i Ørsta og Volda april 2013

Fossar og elvar i Ørsta og Volda er i stor grad nytta til kraftproduksjon: Relativt store vassdrag på Bjørke, Åmelfoten, Kalvatn, Kviven, Standal, Kolåsen, Vartdal, Trandal, Urke, Viddal, Høydalen, Skjåstaddalen, Folkestad, Dale, Steinsvika, Sunndalen, med fleire, er regulerte og eksporterer kraft ut frå kommunene. Kommunene kan vere stolte av å vere store leverandørar av grøn energi. Men å gi konsesjon til ytterligare 14 kraftverk vil føre til at svært få elvar står att urøyvde. Dette vil vere svært uheldig med tanke på ytterligare trugsel mot artsmangfald, turisme, natur- og kulturoppleving.

Miljøpartiet Dei Grønne er generelt positive til energi frå fornybare kjelder. Når det gjeld utbygging av små vassdrag må ein vere klar over at det er dramatiske og varige inngrep for det einskilde vassdraget. Ein bør sjå på inngrepet som irreversibelt i eit tusenårsperspektiv. Med andre ord tek ein avgjerd for svært mange generasjonar framover. Dette understrekar alvoret i utbyggingsplanane.

Generelle synspunkt som gjeld alle 14 konsesjonssøknadane:

Artsmangfald:

MDG er opptekne av å ta vare på artsmangfaldet. Vi ber om at NVE legg stor vekt på biologar og høyringsinstansar som uttalar seg om dette, og går imot utbygging dersom artsmangfaldet er truga. Verdien av småfisk i elvane ser ikkje ut til å vere vektlagt, det er ei svakheit i konsesjonssøknadane at det stort sett er fisk som kan gi økonomisk vinst som vert vurdert.

Anleggsvegar:

NVE sin Rapport 2- 2010 «Etterundersøkelser ved små kraftverk. Sumvirkninger på landskap, ..» peika på at i Austefjordområdet har vegbygging knytt til tiltaka stått for eit større inngrep i landskapet enn forventa. Presisjonsnivået i dei fleste konsesjonssøknadane er for dårleg når det gjeld plassering og omfang av anleggsvegar. Dette kan ha stor innverknad på det visuelle, og gå ut over opplevingsverdien og kulturelle idyllar kring elvane.

Linjekapasitet:

Det manglar ei samla oversikt over kva månadar dei ulike kraftverka kan levere straum. Det er heller ikkje godt nok dokumentert korleis linjenettet kan føre krafta frå alle dei nye kraftverka ut frå området i periodar med topp produksjon. Vi saknar ei samla konsekvensutgreiing for linjenettet etter utbyggingane.

Beredskap:

Det er mangelfullt forklart korleis beredskapsstraum kan leverast til nærområdet reint teknisk i samband med regionale straumbrot. Under det omfattande straumbrotet i april 2013, kunne ingen småkraftverk levere straum til sitt nærområde, berre Åmæla var teknisk dimensjonert for hendinga. Dette kan vere svært viktig i det kommunale beredskapsarbeidet. Kvart småkraftverk bør ha ein plan for korleis dei teknisk kan bidra med beredskapskraft. Dette bør samordnast med planane til netteigar før konsesjon vert gitt.

Kontrolltiltak under og etter utbygging:

MDG saknar ei utgreiing om korleis utbyggingane skal kontrollerast, kven som skal utføre kontrollen, og konsekvensar dersom utbyggaren ikkje fylgjer konsesjonsvilkåra. Ingen av anlegga bør få konsesjon før det ligg føre ein plan for kontroll i og etter utbyggingsfasen.

Andre framtidige næringsinteresser:

Sjølv om det per i dag ikkje har meldt seg andre næringar som ynskjer å nytte vatnet i elvane, så kan dette kome i ettertid. Dersom det vert kravd at oppdrettsnæringa skal basere seg på lukka eller landbaserte anlegg, vil presset på småelvane kome. Det er ei svakheit at ingen av kraftsøknadane er visjonære i høve samarbeid med, og lokalisering av landbasert oppdrett.

Vurdering av einskildsøknadane:

Helgåa kraftverk, Norangsfjorden, Ørsta:

Utbygging av denne spektakulære fossen vil gå på tvers av turistsatsinga med Hurtigruteanløp til fjordarma. MDG er imot utbygging av Helgåa.

Skår kraftverk, Hjørundfjorden, Ørsta:

Utbygging av denne elva vil mellom anna gå på tvers av friluftslivet og turistsatsinga med Hurtigruteanløp til Urke. MDG er imot utbygging av Skårrelva.

Indre Trandal kraftverk, Hjørundfjorden, Ørsta:

Utbygging av denne elva vil gi stor endring av landskapsinntrykket, og går på tvers av turistsatsinga med Hurtigruteanløp i Hjørundfjoren. MDG er imot utbygging av elva.

Årsetelva kraftverk i Kvistaddalen, Ørsta:

MDG er skeptisk til utbygging då det kan ha negativ innverknad på levakåra til villaksen i Bondalselva. Ved eventuell utbygging bør anlegget for inntak ha større avstand til sætra.

Holåa kraftverk, Norangsfjorden, Ørsta:

I tillegg til generelle synspunkt er MDG skeptisk til utbygging av Holåa av omsyn til friluftsliv og turisme.

Klubbeneselva kraftverk, Hjørundfjorden, Ørsta:

Med atterhald om generelle synspunkt ser MDG positivt på utbygginga, men ber NVE vurdere ei avgrensing mot snaufjellet.

Skarbøen kraftverk, Hjørundfjorden, Ørsta:

Med atterhald om generelle synspunkt ser MDG positivt på utbygginga dersom spor etter anleggsarbeidet vert lite synleg og at inntak og uttak vert meir avgrensa mot fjellet og fjorden.

Øggardselva kraftverk, Høydalen, Volda:

I tillegg til generelle synspunkt er MDG imot utbygging pga. av visuelle kvalitetar, store anleggsinngrep i snaufjell, og av omsyn til friluftsliv.

Storelva kraftverk, Høydalen, Volda:

Sidan dei fleste andre elvar i Høydalen er eller vert utbygde, er MDG svært skeptiske til utbygging av denne i tillegg. Framtidige generasjonar bør få vurdere denne elva i samband med anna næringsverksemd.

Osdalen kraftverk, Kalvatn, Volda:

MDG er svært skeptisk til utbygging mellom anna av omsyn til fiske og friluftsliv.

Feirdalselva kraftverk, Høydalen, Volda:

Med atterhald om generelle synspunkt ser MDG positivt på ei noko redusert utbygging, av omsyn til fisk og friluftsliv i nedre del av vassdraget.

Osvatnet kraftverk, Høydalen, Volda:

Med atterhald om generelle synspunkt ser MDG positivt på søknaden, vi ber NVE vere spesielt merksame på å avgrense anleggsinngrepa.

Vassbakkeelva kraftverk, Steinsvik, Dalsfjorden, Volda:

Denne dalen er ille tilreidd av anlegg for olivinutvinning, som ikkje er i drift. Såra i naturen er eit døme på at anleggsverksemd ikkje vert retta opp etter at anleggsmaskiner har vore i eit tidlegare urøyd naturområde. Konesjonssøknaden er mangelfull med tanke på landskapsvern og kulturvern, og med tanke på levekår for fisk. MDG er skeptiske til søknaden slik den ligg føre.

Dravlaus kraftverk, Dalsfjorden, Volda:

Med atterhald om generelle synspunkt ser MDG positivt på ei redusert utbygging. Vi ber NVE vere særleg merksame på å avgrense anleggsinngrepa og ta omsyn til landskapsvern, kulturvern og friluftslivsinteresser i inntaksområdet.

Volda/Ørsta 7. mai 2013

Eirik Gyllensten

Leiar i MDG Ørsta/Volda

Kopi til:

Volda kommune

Ørsta kommune

Møre og Romsdal Fylkeskommune